


**TILRETTELEGGING FOR TETTSTADUTVIKLING
UTFYLLANDE RETNINGSLINER**

Søknadsfrist 21. mars 2014



Mål for verkemiddelbruken:

I høve til Fylkesplanen 2005 - 2008 Veggen vidare for Sogn og Fjordane, vert følgjande mål lagt til grunn for verkemiddelbruken:

- ❖ Medverke til stabile levekår og god service for alle innbyggjarane i fylket, der god helse, kultur og tilgjenge for alle er avgjerande verdiar.
- ❖ Medverke til styrking av senterstrukturen og auka trivsel i tettstadane.
- ❖ Medverke til utvikling av lokalsamfunn prega av nyskaping og rekruttering budd på utfordringar m.o.t. kompetanse, næringsutvikling og infrastruktur.
- ❖ Medverke til eit innovativt og konkurransedyktig næringsliv, basert på å nytte kultur- og naturgrunnlaget på ein aktiv og bærekraftig måte.
- ❖ Sogn og fjordane fylke skal bidra med sin del for å nå nasjonale mål om å verte klimanøytral i 2030.

Kriterium:**1. Geografisk avgrensing**

Verkemiddelbruken gjeld for alle kommunane i Sogn og Fjordane.

Tiltak som kan få støtte må vere geografisk lokalisert til sentrumsområde og tettstader.

Kommunesentra vert prioritert.

2. Forankring

Tiltak skal vere forankra i vedteken kommunal plan.

Tiltak skal vere forankra i staden – i lokal historie, landskap, klima, lokale ressursar m.m. ved bruk av stadanalyse.

Tiltak skal ha universell utforming - tilgjenge for alle.

Private tiltak/initiativ kan få støtte, men **kommunen skal stå som formell søker** av tiltaket.

3. Tiltak som kan få støtte

- Utarbeiding av stadanalyse¹ som grunnlag for kommunal plan (kommunedelplan og/eller områderegulering).
- Tiltak som er **forankra i vedteken kommunal plan**:
 - Opparbeiding av uterom (torg, plassar, parkar m.m.) for ålmenta.
 - Opparbeiding av strukturar (grøntstrukturar, allmenningsstrukturar m.m.) for ålmenta.

¹ Med stadanalyse vert i dette høve meint ei systematisering av kunnskap for å forstå staden si historie, situasjon og framtidsutsikter, jf. definisjon i Miljøverndepartementet sin rettleiar T-986 *Stedsanalyse – Innhold og gjennomføring*. Meir informasjon på: stedsutvikling.no

4. Presentasjonsform

Søknaden skal byggjast opp slik:

- 4.1. Søkar.
- 4.2. Tettstad.
- 4.3. Tiltak – konkret prosjekt.
- 4.4. Bakgrunn.
- 4.5. Grunngjeving og målsetjing i høve til kriterium 1, 2 og 3.
- 4.6. For opparbeidingstiltak skal det følgje ei vurdering av behovet for opprusting/nylegging av infrastruktur i bakken som t.d. VA leidningsnett, tele, data og energi infrastruktur, klima og energibruk.
- 4.7. Framdriftsplan.
- 4.8. Kostnadsoverslag og finansieringsplan der eiga finansiering og andre finansieringskjelder er definert.
- 4.9. Vedlegg (Sjå vedlagd rettleiar).

5. Støttesatsar

Normal tilskotsprosent av tilskotsgrunnlaget er opp til 40%.

Tiltak som det er normalt å finansiere med avgifter/leigeinntekter kan ikkje støttast.

Det kan ikkje gjevast støtte til areal der det er oppretta eksklusive avtalar med spesifiserte enkeltbrukarar, som stenger for almen bruk.

6. Kostnadsoverskriding

Som hovudregel vert det ikkje gjeve tilskot til dekking av kostnadsoverskriding knytt til gjennomføring av prosjektet. Fylkeskommunen kan likevel gjere unntak frå dette, dersom det ligg føre heilt spesielle grunnar for overskridinga som kommunen ikkje hadde høve til å sjå då søknaden vart utarbeidd.

7. Vilkår for utbetaling

- 7.1. Arbeidet må ikkje setjast i gang før finansieringa er ordna. Endeleg finansieringsplan må ligge ved oppmoding om utbetaling.
- 7.2. For opparbeidingstiltak vil inntil 75 % av tilskotet bli utbetalt når tiltaket/prosjektet er starta opp og fullfinansiering er stadfesta. For stadanalyse vert heile tilsagnsbeløpet utbetalt når fullfinansieringa er stadfesta.
- 7.3. Slutt-utbetalinga skjer etter at tiltaket/prosjektet er avslutta med sluttrapport og revidert rekneskap. Alle vilkåra i tilsegna må vere oppfylte.
- 7.4. Mottakar pliktar sjølv å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt.
- 7.5. For mykje utbetalt tilskot skal tilbakebetalast utan opphøyr når det blir gjort krav om dette.
- 7.6. Midlane skal nyttast i samsvar med framlagde planar og arbeidet må gjennomførast i samsvar med desse. Tilsegna vil kunne bortfalle heilt eller delvis dersom planane som ligg til grunn for tilsegna vert endra utan samtykkje. Utbetalt tilskot kan då bli kravd tilbakebetalt.

Utfyllande retningsliner

- 7.7. Tilsegna fell bort dersom vi ikkje har motteke oppmoding om første utbetaling innan 6 månader, jf. frist i tilsegnsbrevet. Utsetting av fristen kan skje etter avtale med fylkeskommunen.
- 7.8. Det skal først spesifisert rekneskap for tiltaket/prosjektet. Rekneskapen skal setjast opp slik at den kan jamførast med kostnadsoverslaget som ligg til grunn for tilsegna. Dersom arbeidet ikkje vert utførte i planlagt omfang eller til kalkulert kostnad, vil tilskotet verte tilsvarande avkorta.
- 7.9. Fylkeskommunen set som vilkår for tilsegna at tilsegnsmottakar rapporterer til fylkeskommunen. Sluttrapport skal leverast innan 1 månad etter at tiltaket/prosjektet er avslutta.
- 7.10. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal til ei kvar tid ha høve til å kontrollere at tilskotet vert nytta etter føresetnadene, jf. Stortinget sitt bevilgningsreglement § 17 og Riksrevisjonen sin kontrolladgang.
- 7.11. For opparbeidingstiltak skal etiske krav leggjast til grunn til produksjon av material som gatestein m.m. Saman med oppmoding om utbetaling skal det følgje garanti frå leverandør/importør om at det ikkje er nytta barnarbeid i framstilling av produkta.
- 7.12. Fylkeskommunen oppmodar kommunane til å bruke lokale resursar i sine prosjekt.

8. Tidsramme for tilskotet

Tilsegnet gjeld i 3 år frå tilsegndato. Dersom tiltaket/prosjektet ikkje er avslutta innan 3 år frå tilsegndato, fell tilsegna bort inkludert sluttutbetaling.

Vedlegg 1

Rettleiar til utarbeiding av søknad

2. Forankring

Tiltak skal styrke staden sin identitet og byggje på staden sine lokale eigenskapar og resursar. Alle prosjekt til tettstadforming skal utviklast med utgangspunkt i ei stadanalyse tilpassa stad og føremål. Ei stadanalyse kan innehalde registrering, kartlegging av staden – vilkår, eigenskapar og kvalitetar, historie (utvikling), kultur og natur, landskap, klima, menneske tilførte element som bygde strukturar –og bygg, funksjonar og bruk (aktivitet). Det er og trong for at stadanalyse inneheld tolking, klåre problemstilling(ar) og konsept – tankar om –og skisser til tiltak basert på kartlegginga.

Denne informasjonen er naudsynt for at tiltak skal tilhøyre og utvikle staden sine særpreg og slik utvikle sjølvstendige arkitektoniske uttrykk med lokal forankring og som vekker interesse og engasjement for staden.

Fylkeskommunen vil og utfordre kommunane til å invitere born, eldre, vaksne og unge til open og almen deltakande prosess for å sjå og klårgjera problemstilling(ar) og aktuelle tiltak – tettstadprosjekt.

3. Tiltak som kan få støtte

- Stadanalyse, jf. punkt 2 ovanfor.
- Døme på tiltak:

Opparbeiding av uterom, plasser og strukturar (parker, torg, møteplassar og allmenningar) for ålmenta.

Opparbeiding av alternative tiltak:

Klimatilpassing/vern (grønstrukturar) – der arkitektur og/eller landskapsarkitektur gjev betre vilkår for almen aktivitet og opphald.

Arkitektur og/eller landskapsarkitektur som **bakgrunn** for menneske aktivitet (handling).

Samanhengande grønstruktur(ar) og/eller allmenning(ar) i sentrum som sikrar fri ferdsel – almen tilgang til natur (fjord, fjell).

Tiltak der arkitektur og/eller landskapsarkitektur medvite brukar m.a. direkte, indirekte, differensiert lys – naturleg og/eller kunstig lys konkret prosjekt og val av material, farge m.m.

Transformasjon – gjenbruk og oppfrisking av eksisterande samfunnsrom.

4. Presentasjonsform

Presentasjonen skal innehalde:

1. Oversiktskart og snitt i makroskala (stor skala) som viser klår geografisk plassering i Sogn og Fjordane.
2. Situasjonsskart og situasjonssnitt i meso skala (mellomstor skala/samfunnsskala) med innteikna tiltak/prosjekt og klåre referansar til natur (naturelement), stadnamn m.m.
3. Illustrasjon (skisse) til konsept – tanken om tiltaket/prosjektet.
4. Dersom overordna stadanalyse manglar og/eller er mangelfull skal tiltak vera forankra i ei stadanalyse – registrering, kartlegging og visualisere.
5. Visualisere konkret prosjekt i teikning (plan og snitt), perspektiv (3 dimensjonal teikning) og anna viktig referanse –og grunnlagsmaterial (foto, skisser m.m.)

Utfyllande retningslinjer

6. Presentasjonen skal også innehalde ei visuell framstilling der tiltaket/prosjektet er sett inn i sin samanheng – heilskap.

Kostnadsoverslag og finansieringsplan (4.9)

Søknaden skal innehalde kostnadsoverslag fordelt på hovudpostar, og eit realistisk forslag til finansiering av prosjekt. Kostnadene skal representere eit tidfesta prisnivå. I kostnadsoverslaget inngår kostnader til teknisk planlegging og berekna prisstigning i prosjektperioden.

Det skal gå fram av søknaden om kostnadsoverslaget byggjer på forprosjekt, detaljprosjekt eller anbod. Knyter det seg stor uvisse til det framlagde kostnadsoverslaget, kan fylkeskommunen krevje at det vert innhenta anbod før søknaden vert handsama.

Dersom seinare innhenta anbod avvik mykje frå det kostnadsoverslaget som låg til grunn då søknaden vart handsama, skal dette gjerast kjend for fylkeskommunen så snøgt som mogeleg. Dette for eventuell korrigering av tilskotsgrunnlag og tilskotets sin storleik.

Vedlegg 2

Tiltak og kostnadselement som fell utafør støtteordninga

Følgjande føremål fell utafør støtteordning:

- Byggetiltak som er igangsett på søknadstidspunktet.
- Sektortiltak som det er etablert faste støtteordningar for. Eksempel på dette er:
 - Utbyggingstiltak i fiskerihamner som kan støttast over Fiskeridepartementet sitt budsjett (Kap 1062 post 30/post 60).
 - Kulturtiltak.
 - Tiltak som får støtte av spelemidlar.
 - Opparbeiding av leidningsnett i grunnen.
 - Tiltak som vert støtta med friluftsmidlar.
 - Nærmiljøanlegg, naturforvaltning, kulturminnevern og andre tiltak som vert finansiert av årlege støtteordningar².
 - Energiøkonomiseringstiltak for eksempel i regi av ENOVA.
- Tomtetekniske arbeid i samband med tilrettelegging av næringsareal (Eksempel; interne veg-/parkeringsystem, interne vass- og avløpsleidningar, planering av næringsareal).
- Lokale anlegg for fritidsbåtar inkludert mudring for, og skjerming av anlegget.
- Opparbeiding av veg, vatn, avløp og overvatn.
- Avløpsanlegg i byar og tettstader (oppgradering av leidningsnett, omlegging frå felles- til separatsystem, pumpestasjonar og avløpsreinseanlegg).
- Opparbeiding av parkeringsplassar.
- Utarbeiding av reguleringsplanar, kommunedelplanar og kommuneplanar.
- **Privatiserande tiltak.**

For tiltak som fell innafor støtteordninga, er det likevel kostnadselement som ikkje inngår i tilskotsgrunnlaget. Desse er som følgjer:

- Tomtetekniske arbeid i samband med tilrettelegging av næringsområde.
- Grunnerverv og erstatning.
- Byggjelånsrente.
- Utgifter til legging av stikkleidningar.
- Reine reparasjons-, drifts- og vedlikehaldstiltak.

² Miljøverndepartementet presenterer i rundskrivs form ein samla presentasjon av støtteordningar innafor desse områda.